



Årsmelding pro

2010

Årsmelding 2010

FORMÅL

Opplæringskontoret sitt formål er å planlegge, gjennomføre og koordinere fagopplæring innan prosess og mekanisk industri i Sogn og Fjordane i samsvar med Opplæringslova, med forskrifter.

Opplæringskontoret skal dessutan legge til rette og bistå med gjennomføringa av generell kompetanseutvikling i medlemsbedriftene innanfor dei områda som er aktuelle. Kontoret skal vere ein møteplass i opplærings spørsmål for medlemsbedriftene.

Opplæringskontoret skal vere koordinator og pådrivar i informasjonsarbeidet ovanfor elevar, lærarar, rådgjevarar og foreldre som er knytte til grunnskulen og vgs.

Opplæringskontoret sitt virkeområde er alle fag som det har godkjenning for å drive fagopplæring i.

Opplæringskontoret skal vere organisert som ei stifting. Stiftinga er ideell.

FØLGJANDE BEDRIFTER HAR VORE MEDLEM I PRO 2010

BIS Production Partner, Årdal
Elkem ASA Bremanger Smelteverk
BIS Production Partner, Svelgen
Hydro Aluminium Høyanger
BIS Production Partner, Høyanger
Hydro Aluminium Årdal
Hydro Årdal Karbon
EWOS AS Florø
Klausen Industrier Svelgen AS
Havyard Leirvik AS
Vik Ørsta
Peterson Linerboard AS Ranheim
Cermac ASA
Wiss
Wis
Lmi – Luster
Solund verft
Vik industrier
Eikefjord Mekaniske Verksted
ERAS Metall AS
NOMEK AS
Jostedal Industrier
Førde Mekaniske
Utle Kjedevatn
Teekay Petrojarl ASA
NorSun
Stryvo AS
Solheim Diesel
Hellenes AS

NYE BEDRIFTER I 2010

SafeClean
Sunnfjord Industri og Sveiseservice

Nesseplast
Hagen AS

STIFTINGA HAR HATT FØLGJANDE STYRE-SAMANSETTING,

7 medlemmer
Bente Nesse, leiar
Wenche Eldegard, nestleiar
Kjell Nesse
Arne Sørheim
Jan Tore Hauge
Astrid Henden
Trudi Vågane

STYRET HAR HATT 6 STYREMØTE, OG BEHANDLA 35 SAKER.

Det vart utbetalt styrehonorar til styret med kr. 15.000,- til styreleiar og kr. 10.000,- til øvrige styremedlemmer. Styremedlemmer som ikkje har delteke på styremøte får ikkje utbetalt honorar.

Medlemskontingent er lik basistilskott. Det vart ikkje kravd anna kontingent.

DAGLEG LEIAR I 2010

Jorunn Eide Kirketeig.
Adminstrasjon og opplæringskonsulent og lærling har i 2010 utgjort 4 årsverk. Det er fire fulltids-tilsette, herav ein lærling.

REVISOR

Fjordane Inter Revisjon
Bankforbindelse,
Sparebanken Sogn og Fjordane.
Rekneskap
Regnskapssentralen.

PRO SØR-TRØNDELAG

Det er to bedrifter i Sør Trøndelag som er knytt til PRO. Lærlingane i Sør Trøndelag får same oppfølging som lærlingar i Sogn og Fjordane.

REVISJON AV OPPLÆRINGSKONTOR

Revisjon av opplæringskontoret, Sogn og Fj. fylkeskommune har også i 2010 gjennomført oppfølging og revisjon av PRO. Resultat var godt. PRO ivareteke den enkelte lærling og legg til rette for individuelt opplegg for kvar lærling. Det vert gjennomført ulike arrangement for lærlingane, sosialt og faglig bl.a tilbod om utveksling, skihelg og konserter. Resultatet viser at PRO ivareteke tilsette, instruktørar, styre og lærlingar på ein god måte. Tar ansvar for kompetansebygging i alle ledd. Det er positivt at det er krav om pedagogikk for å kunne følge opp lærling. Nettsida fekk positiv tilbakemelding, som ei god og informativ side, der lærling og bedrifter finn informasjon knytt til det å være lærling, samt skjema og læreplan med meir.

PLASSERING AV ULIKE KURS I VIDAREGÅANDE SKULE I SF

I 2010 har Sogn og Fjordane hatt tilbod om Teknikk og industriell produksjon ved 9 vidaregåande skular.

Det er framleis ei utfordring å skaffe nok lærlingar til bedriftene. Sjølv om det ikkje var ledige læreplassar hausten 2010 ville vi nok klart og tatt imot fleire, som hadde hatt grunnlag for lærekontrakt, utan manglande teoribakgrunn.

Kunnskapsløftet medfører at vi får inn lærlinger med ulike bakgrunn. Som i fjor merker vi at elevane har hatt mindre fordjuping i skulen, noko som medfører at vi må gjennomføre teoriopplæring i læretida.

LÆRLINGSAMLING

PRO har gjennomført oppfølgingsmøtar og halvårlege vurderingar med kvar enkelt lærling, i samsvare med plan.

Det har vore gjennomført vintersamling på Hemsedal og Oppdal.

Frå hausten 2010 har vi satt i gang 15 praksiskandidatar/lærlingar i kjemiprosess fag vg2 i samarbeid med Årdal vgs.

Teoriundervisning for lærlingar i elektrikarfaget og repr. tunge køyretøy.

Teoriundervisning for lærling i elektrikarfaget har vore kjøpt av opplæringskontoret for elektrofag, som har nytta E-lærlingen. Oppfølging og teoriundervisning av lærlingar i repr. tunge køyretøy har vore gjennomført av bilbransjen sitt opplæringskontor. PRO opprett held sitt medlemskap med BOK.

INTERNASJONALISERING

PRO arrangerte studietur til BASF for 21 personar, fordelt på lærarar frå vgs., fagskulen, og folk som jobbar med opplæring og lærlingar i bedriftene knytt til oss.

I 2010 sendte vi ut 5 lærlingar på fire veker utveksling til BASF.

I samarbeid med Laksevåg vgs. har vi vore vertskap for lærlingar frå BASF. Lærlingane var plassert ved EWOS, Hydro Årdal og Elkem i Svelgen.

STUDIETUR

Styret og tilsett ved Pro opplæringskontoret var i Brussel ved Vestnorsk Brusselkontor å fekk lære om korleis EU ser på fagopplæring framover.

SAMARBEID SKULE NÆRINGS-LIV

PRO si rolle vil vere gjennom det som vert omtalt i fylkeskommunale dokument, som vg3 nettverk. PRO ønskjer å ta ei større rolle i arbeidet, med nettverket og har fått aksept frå fylkeskommunen på å koordinere samarbeidet frå 2011.

PRO deltok på forskningsdagane i samarbeid med Høgskulen. "Tenning på teknologi", Norsk Industri sin konkurranse "Muligheter" var noko av det vi viste fram.

I Trøndelag er det samarbeidspartnar, OTEK kontoret i Sør Trøndelag som ivareteke nettverksdeltaking.

FORSKING OG UTVIKLING - FOU ARBEID - PROSJEKT

Også i år har PRO hatt høg fokus på instruktør opplæring, for å sikre at alle er godt kjent med nye læreplanar etter Kunnskapsløftet. Vi registrerer at det framleis er ein jobb å gjøre før alle bedrifter er der vi ønskjer å vere, med omsyn til god fagopplæring i bedrift.

"Tenning på teknologi" er lagt inn i ordinær drift og blir brukt til rekruttering og kurs til eigne lærlingar i kjemiprosess, automasjon og CNC.

Traileren har vore i bruk 18 dagar i 2010
Traileren, "Tenning på Teknologi" er eit godt verk-tøy i rekrutteringsarbeidet til Teknikk og Industriell produksjon, "Tenning på teknologi" skal til ei kvar tid vere utstyrt med oppdatert utstyr, som lærlingar kan nytte til å forsterke si opplæring i kjemiprosess, automasjon og CNC.

Samarbeid over fylkesgrenser. Traileren var leigd ut til yrkesmessa i Ålesund, der vi deltok med lærling fra STRYVO og vår opplæringskonsulent.

PRO deltok med "Tenning på teknologi" på fylkesmessa i Florø og arrangerte vorspiel for nye og gamle bedrifter i forkant av piffseminaret, som var knytt til messa.

NORSK INDUSTRI - NI

PRO har delteke på alle samarbeidsmøte mellom opplæringskontora i regi av NI. PRO har delteke på NI sin årlege konferanse – opplæringsledelse. Vi deltok med alle tilsette.

OKSU- opplæringskontora sitt samarbeidsutval
Det er lagt opp til felles møter mellom arbeidsutvalet i fagopplæringsnemnda og OKSU.

FATEK - Fagopplæring i Teknologi-industrien (eit samarbeidsorgan for opplæringskontor i industrien)

PRO v/ dagleg leiar deltok på FATEK sin årlege samling.

SKULAR

PRO har gjennomført informasjonsmøte ved 10 klasser, samt delteke på andre arrangement i samband med programfag til valg for 8, 9 og 10 klasse.

PRO har koordinert prosjekt til fordjuping for skular, som ikkje har direkte partnerskap avtale med industribedrift.

PRO har delt ut utstyrspakke til alle elver ved Teknikk og industriell produksjon, kjemiprosess og Industriteknikk for skuleåret 2010 til 2011.

PROFILERING

"Tenning på teknologi" er vår profil framover. PRO har vore omtalt i aviser, med hovedfokus på "Tenning på teknologi".

FACEBOOK

PRO har oppretta eiga gruppe på facebook.

PRO-AKTIV

Det vart gitt ut 2 PRO aktiv i 2010. PRO-Aktiv er ei avis i papir og nettutgåve, som tar for seg relevant stoff om fagopplæring i industrifag og små og store hendingar i våre lærebedrifter.

SOMMERDESIGNKONTORET.

PRO kom med som prosjekt i sommardesignkontoret og fekk utarbeidd gode idear til å utvikle "tenning på teknologi" betre for kvar enkelt brukar-gruppe.

PRO

PRO har jobba i tråd med dei krav som er sett opp gjennom vedtektene og i samsvar med fatta årsmøtevedtak og styrevedtak. PRO har gjort sitt for å få ei positiv vinkling på sine eigarbedrifter som gode lærebedrifter.

Arbeidsmiljø, styret og dagleg leiar vurderer arbeidsmiljøet til å være svært godt. Betring av arbeidsmiljø er eit kontinuerleg arbeid, alle står fritt til å ta opp aktuelle saker og det vert vektlagt trygt arbeidsmiljø. Sjukefråvær, det er registrert under 1 % sjukefråvær 2010. Det er ikkje registrert skader. Likestilling, det er tilsett ei kvinne som dagleg leiar, ei kvinne som administrasjonssekretær og ein mann som opplæringskonsulent og ein mann, som lærling i kontor- og administrasjonsfaget. PRO har ivaretatt både indre og ytre miljø.

PRO har i alt teikna 60 nye lærekontrakter. Det har vore 184 lærekontraktar knytt til PRO i 2010. Det har vore heva 3 lære kontrakter. 44 lærlingar har gått opp til fagprøve, av desse var det 20 som fekk bestått meget godt, 24 som fekk bestått og 0 som fekk ikkje bestått.

Rekneskapan viser eit overskot på kr. 791.794,-

Rettvisande oversikt over utvikling og resultat I 2010 vart driftsinntektene kr 5.638.453,-.

Styret og dagleg leiar er tilfreds med eit overskot på kr. 791.794,-. Eigenkapitalen er pr. 31.12.10 på kr 8.655.878,-

Styret og dagleg leiar ser den solide eigenkapitalen som ein sikring for at ein kan fortsette og vidareutvikle drifta av opplæringskontoret. Den likvide stillinga er også svært tilfredsstillande.

Styret og dagleg leiar meiner det er rett å leggje forutsetting om fortsatt drift til grunn ved avlegging av årsrekneskapan. Styret har oppnådd årsmøte sine intensjonar for driftsåret 2010.

Førde, den 21. mars 2011



Bente Nesse
-styreleder -

Arne Sørheim



Astrid Henden



Trudi Vågane




Wenche Eldegard



Jan Tore Hauge



Kjell Nesse



Jorunn Eide Kirketeig
- dagleg leiar -

Årsrekneskap 2010

Resultatrekneskap	NOTE	2010	2009	Balanse pr. 31. desember	NOTE	2010	2009
Inntekter				Eige			
Driftstilskot		4 965 016	5 147 563	Anleggsmidler			
Driftetilskot Trøndelag		647 784	679 252	Datautstyr	1	72 000	58 501
Kursinntekter			123 800	Inventar,verktøy,utstyr	1	0	1 200
Ref.kostnad Yrkesmesse		25 653		Bil Volvo TV 72267	1	101 000	134 000
Sum driftsinntekter		5 638 453	5 950 615	Container m trekkvogn	1	725 000	1 087 000
				Sum anleggsmidler	1	898 000	1 280 701
Utgifter lærlingar				Omlaupsmidler			
Utgifter lærlingar		552 841	623 965	Utestående fordringar		62 561	95 841
				Kompensasjon MVA		226 112	196 688
Administrasjonskostnader				Forskotsbet. Kostnader		42 923	88 358
Personalkostnader, lønn	2	1 609 162	1 349 765	KLP eigenkap.innsk		12 422	10 124
Arbeidsgiveravgift og pensj kost	2	403 323	395 260	Bankinnskot	3	7 413 860	6 196 787
Andre personalkostnader		86 593	123 015	Sum omlaupsmidler		7 757 878	6 587 798
Styret, styrehonorar	2	68 000	72 000				
Styret, andre kostnader		82 697	73 949	Sum eige		8 655 878	7 868 499
Kontorkostnader	3	425 652	343 918				
Honorar for framande tenester		96 071	57 156	Eigenkapital			
Kostnader kontorlokaler		90 065	89 537	Fri kapital 1.1.		7 489 813	6 002 880
Rekruteringskostnader		473 989	186 091	årets resultat +/-		791 794	1 486 932
Kunnskapscontainer,drift		120 376	340 283	Sum fri kapital 31.12.		8 281 607	7 489 812
Andre driftskostnader	3	49 123	26 493	Total eigenkapital		8 281 607	7 489 812
Reise, diett og bilkostnader	3	435 288	417 843				
Ordinære avskrivningar	1	433 970	414 278	Kortsiktig gjeld			
Sum administrasjonskostnader		4 374 309	3 889 588	Leverandørgjeld		45 804	431
				Skyldig offentlege avgifter		154 629	142 629
Driftsresultat		711 303	1 437 062	Påløpne kostnader		1 428	75 201
				Annan kortsiktig gjeld,feriepengar	3	172 410	160 426
Netto finansinntekter				Sum kortsiktig gjeld		374 271	378 687
Netto finansinntekter		80 491	49 870				
				Sum gjeld og eigenkapital		8 655 878	7 868 499
Årsoverskot		791 794	1 486 932				
Overførast til fri egenkapital		791 794	1 486 932				

Førde, den 21. mars 2011

Bente Nesse

Bente Nesse
-styreleder -

Arne Sørheim

Astrid R. Henden

Astrid Henden

Trudi Vågane

Trudi Vågane

Wenche Eldegard

Wenche Eldegard

Jan Tore Hauge

Jan Tore Hauge

Kjell Nesse

Kjell Nesse

Jorunn Eide Kirketeig

Jorunn Eide Kirketeig
- dagleg leiar -

Notar til årsrekneskapen for 2010

Rekneskapsprinsipp og verknad av prinsippendringar

Årsrekneskapet er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapskikk for små foretak.

Inntekter

Inntektføring av tilskot skjer på tildelingstidspunktet.

Klassifisering og vurdering av balansepostar

Omlaupsmidlar vert vurdert til det lågaste av anskaffelseskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet. Anleggsmidlar vert vurdert til anskaffelseskost. Varige anleggsmidlar vert avskrivne etter ein fornuftig avskrivingsplan. Andre fordringer er tekne med i balansen til pålydende.

NOTE 1

VARIGE DRIFTSMIDDEL

	Bil- Container	Datouts.	Inventar,utst.	Totalt
Kostpris 1.1.	1617489	247 980	49712	233 088
Tilgang		51 270		
Avgang				0
Kostpris 3 1.12.	1 617 489	299 250	49712	1 966 451
Akkumulerte avskriv	791 489	227 249	49712	276 961
Balanseført verdi pr 31.12	826 000	72 001	0	898 001
Avskrivninger i år	395 000	37 770,00	1200	433 970

NOTE 2

LØNNSKOSTNADER, TAL TILSETTE, GODTGJERSLE TIL DAGLEG LEIAR M.V.

Lønnskostnader	2010	2009
Lønninger	1 609 161	1 349 765
Arbeidsgiveravgift	215 630	205 748
Pensjonskostnader	187 693	189 512
Andre lønnsrelaterte ytelser	86 593	153 551
Sum	2 099 077	1 898 576

Gjennomsnittlig antall tilsette i løpet av regnskapsåret har vært 3 tilsette.

I tillegg 1 lærling

Selskapet har pensjonsavtale for alle tilsette i KLP, premie betalt i 2010 kr. 187 693

Ytelser til ledende personer	Dagleg leiar	Styret
Lønn	629 132,00	-
Styrehonorar		68 000,00
Pensjonsutgifter	89 864,00	-
Andre lønnsrelaterte ytingar, fri bil, telef	156 611,00	-

Det er ikke gitt lån/sikkerhetsstillelse til forretningsfører,- styreformann eller andre nærstående parter.

Det er ingen enkelt lån/sikkerhetsstillelser som utgjør mer enn 5% av selskapets egenkapital.

Revisor

Kostnadsført revisjonshonorar i 2010 var kr. 44 000

Herav honorar andre tenester kr. 11.000

NOTE 3

SPESIFIKASJONAR AV TAL I REKNESKAPET

Bankinnskudd	2010	2009
Sparebanken Sogn og Fj.		
15.91119	4 596 195,00	3 428 006,00
Sparebanken Sogn og Fj, Visa	52 128,00	52 128,00
Sparebanken Sogn og Fj.		
05.02253	2 600 877,00	2 557 629,00
Sparebanken Sogn og Fj.		
15.94754 (bunde innsk.)	164 660,00	159 024,00
Sum	7 413 860,00	6 196 787,00

Anna kortsiktig gjeld

Påløpne kostnader	1 428,00	75 201,00
Skyldige feriepengar	172 410,00	160 426,00
Sum	173 838,00	235 627,00

Kontorkostnader

Kontorrekvisita,trykksaker	287 833,00	218 041,00
Kjøp og vedlikehald av maskiner og utstyr	38 134,00	48 153,00
Telefon,porto	99 685,00	77 725,00
Sum	425 652,00	343 919,00

Andre kostnader

Markedsføring (inkludert i rekrutteringskost)	72 308,00	7 970,00
Gaver og kontigenter	29 172,00	13 945,00
Forsikringer	13 317,00	-1 080,00
Bilkostnader inkl. leasing	307 670,00	330 039,00
Reiseutgifter	127 618,00	87 804,00
Andre kostnader	6 634,00	76 961,00
Sum	556 719,00	515 639,00

Til
Opplæringskontoret for Prosess og Mekanisk Industri i Sogn og Fjordane

MELDING FRÅ REVISOR

Fråsegn om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Opplæringskontoret for Prosess og Mekanisk Industri i Sogn og Fjordane, som er samansett av balanse per 31. desember 2010, resultatregnskap som viser eit overskot på kr 791 794 for rekneskapsåret avslutta per denne dato, og ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar.

Styret sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir eit rettvisande bilete i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge, og for slik intern kontroll som styret finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misleg framferd eller feil.

Revisors oppgåver og plikter

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna internasjonale revisjonsstandardar fastsette av International Auditing and Assurance Standards Board. Revisjonstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisors skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tar revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir eit rettvisande bilete. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leiinga, er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Konklusjon

Vi meiner at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilete av den finansielle stillinga til Opplæringskontoret for Prosess og Mekanisk Industri i Sogn og Fjordane per 31. desember 2010, og av resultatata for rekneskapsåret som vart avslutta per denne dato i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

Utsegn om andre tilhøve

Konklusjon om årsmeldinga


Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen og føresetnaden om at drifta skal halde fram er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringskikk i Noreg.

Førde, 21. mars 2011

Inter Revisjon AS



Kurt Inge Hyllestad
Statsautorisert revisor



eko • 2011

PRO Opplæringskontoret
for prosess og mekanisk industri

Concordbygget
Firdavegen 6
Postboks 492
6801 Førde
Telefon: 57 83 22 60
Telefax: 57 83 22 45
Organisasjonsnr.:
NO 980 026 655

www.pro.sf.no